

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	2/2014
Tid:	Fredag 14. mars kl. 12:00 – 16:00
Stad:	Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, , Nils Marton Aadland, , Per Lerøy, Karstein Totland, Kristin Handeland, May Eva Sandvik, Kari Aakre (sak 11-15/14)
Rådmenn:	Jarle Landås, Reidun Halland, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Hogne Haugsdal, Odd Ivar Øvregård (sak 11-17/14), Svein Helge Hofslundsengen (sak 11-14/14)
NUI:	Rune Heradstveit, Kari Evensen Natland, Kjersti Isdal og Peter Emil Kaland (sak 15/14)
Andre:	Jan Nordø(sak 13/14), Kjetil Sigvaldsen (sak 13/14), Einar Vatne (sak 14/14)
Forfall:	Hallvard Oppedal, Knut Moe, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen

Sak 11/14	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 12/14	Godkjenning, møteprotokoll møte 1/2014 Møteprotokollen frå møte 1/2014 vart godkjent utan merknadar.
Sak 13/14	<p>Ny klimaplan for Hordaland (vedlegg)</p> <p>Jan Nordø, Hordaland fylkeskommune, klimaseksjonen orienterte om nytt høyringsutkast til Regional klima- og energiplan for Hordaland 2014-2030. Sjå vedlagte presentasjon. Kjetil Sigvaldsen var med for å notera innspel. Regionrådsleiar Jon Askeland viste til at han sit i klimarådet i Hordaland, og har vore med å jobba med utkastet. Jan Nordø takka for at dei fekk koma ut i Regionrådet og legga fram planen.</p> <p>«Klimaplanen» er ein viktig plan fordi den vil gje føringar for bl.a. kommunale planar. Det er derfor viktig at kommunane engasjerer seg i høyringa. Nordø viste til at særleg energikapittelet er oppgradert i dette utkastet. Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 og 40 % innan 2030 i høve til 1991 og energibruken skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald. Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, og stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.</p> <p>Når det gjeld energi skal energieffektivisering vera førstevalet, men me skal også vera ein føregangsfylke i produksjon av fornybar energi, og ein skal utvikla påliteleg distribusjonsnett for energi. Nordø viste til klimaseminarret som fylkeskommunen og NUI saman arrangerte før nyttår, og at dei har sett av midlar til regionen. Ein skulle gjerne fylgd opp med eit prosjekt. Rune Heradstveit kommenterte at oppfølging var planlagt, men at kommunane ikkje</p>

	<p>responderte, og at han var skuffa over dette. Han vil imidlertid prøva på nytt. Nils Marton Aadland peika på at fylkeskommunen også må forholde seg til den enkelte kommune.</p> <p>Per Lerøy sakna at flis og trevirke som energi, ikkje er tydeleg nok med i planen. Vidare at spillvarme er prøvd, men at det blir for kostbart. Jon Askeland viste til at mangel på distribusjonsnett fører til at ein ikkje får overført kraft og at prisane dermed går opp.</p> <p>Hogne Haugsdal meinte at ideane ofte er veldig gode, men at intensiv som regel manglar – og at kommunane då ikkje har nok gjennomføringskraft til at det blir gjort noko.</p> <p>Per Lerøy sa at trass at ein gjerne vil ha ned bilkøyning, så er gode og moderne vegar viktige for eit effektive transportsystem, og at fylkeskommunen må ta ansvar for dette. Den sentraliseringa som skjer, er heller ikkje alltid den rette miljøpolitikken.</p> <p>Nordø hadde ein gladmelding og fortalte at fylkesutvalet har sett av 5 mill. ekstra til klimaplanen – og at det meste skal gå til ladestasjonar i «utkantstrøk».</p> <p>Nils Marton Aadland peika på at utkastet til klimaplanen er eit godt steg framover – og at det vil vera eit godt grunnlag for politisk debatt. Det er viktig å få på plass ein god handlingsplan som er forankra i kommunestyra og i folket, og fylkeskommunen bør vurdere folkemøte. Det er også viktig at fylkeskommunen vurderer korleis dei skal sikra medverknad i kommunane – og korleis kommunane kan setja av ressursar for å oppnå at planen ikkje ender i skuffa.</p>
<p>Sak 14/14</p>	<p>Oppfølging av unge lovbrutarar.</p> <p>Lensmann Einar Vatne var invitert til å orientera om oppfølging av unge lovbrutarar. Han innleia med åtvare mot omreisande som tilbyr utanlandsk arbeidskraft. Dette gjeld spesielt «engelske firma» som nyttar polakkar og rumenarar. Dei oppsøker gjerne eldre folk og opptre ofte truande – og dei gjer elendige jobbar. Han kom så med fleire grelle døme. Når så folk klagar, så stiller dei mannsterke opp og opptre truande. Dei betaler heller ikkje skatt m.v. Det er no set ned ei tverrfagleg gruppe beståande av Skatt Vest, arbeidstilsynet og politiet som jobbar med dette.</p> <p>Vatne orienterte så om narkotikaaksjonen som var i Nordhordland tidlegare, og generelt om bruk av stoff i distriktet. Dette var ein lenge planlagt aksjon, og politiet jobbar målretta mot distribusjonsapparatet, men også mot brukarar. Dei ynskjer spesielt å stoppa dei yngste, ungdommar ned i 14 års alderen, og kvela bruken der.</p> <p>I dag er det slik at dei får påtaleunnlating fyrste gongen dei vert teke – dvs. at dei ikkje får det på rullebladet. Dette har imidlertid dårleg effekt – ned mot 0 – då det blir oppfatta som frifinning. I mange tilfelle går nok brev om dette rett i søppelbøtta, og har ikkje effekt i heimen gjennom oppfylgning frå foreldre m.v.</p> <p>Politiet ynskjer at dette skal bli endra til påtaleunnlating på vilkår – d.v.s. at det blir sett krav om oppfølgingsamtalar, urinprøvar m.m. ein periode. Dette har ein ikkje system for i Nordhordland no, og Vatne meinte at SALTO-programmet kunne brukast til dette. Det krev at kommunane er med på programmet og gjennomføringa, og at ein står saman om det i distriktet / regionen. Ein rusmisbrukar kostar samfunnet 3 mill. i året, så dette er ein vinn-vinn situasjon for alle. Det er særskilt viktig å tenkja førebygging. Dersom kommunane er enige om dette, vil politiet utarbeida forslag til rutinar.</p> <p>Nils Marton Aadland viste til ungdom ikkje ser kommunegrensar, og at SALTO er eit godt spor å jobba etter. Han opplever at lensmannsdistriktet her strekk ut ei hand til samarbeid. Jon Askeland sa at det er viktig at administrasjonen i kommunane får same engasjement til prosjektet, og at ein er omforente om det som skal gjerast.</p>

	<p>Regionrådet var enige om at dette er eit spor å jobba etter, og ber om at lensmannen kjem tilbake med invitasjon til samarbeid. Vidare at dette vert tema på årsdagen til Salto. Ein tek sikte på å koma i gong i løpet av hausten.</p>
<p>Sak 15/14</p>	<p>Status Biosfære-prosjektet. Kari Evensen Natland og Peter Emil Kaland presenterte status for Nordhordland Biosfæreområde – Vestnorsk kystlandskap, og kom med litt erfaringar frå deltaking på EuroMab 2013 i Canada. Sjå vedlagte presentasjon.</p> <p>Det vert jobba hardt og godt med prosjektet, og det går framover. Ei glad nyhende er at den norske Unescokommisjonen er særst interessert i prosjektet, og førre veke løyva dei økonomisk støtte til det vidare arbeidet. Innsendinga av søknaden om å bli Biosfærekandidat er utsett til hausten av strategiske grunnar bl.a. at det no vert oppretta ein nasjonal MAB-komité.</p> <p>Frå Regionrådet kom det tilbakemeldingar om at prosjektet er spennande, men at ein t.d. ser utfordringar i forhold til kommunikasjon og finansiering av prosjektet. Det er derfor viktig at prosjektet legg opp til god forankring i kommunane, i næringslivet og i folket. Me må kunne formidla på ein god måte kva me får igjen for det. Karstein Totland sa at dette er eit godt prosjekt, og at det er viktig at me klarar å sjå det i samband med den heilskapinga me jobbar med. Fleire peika på at prosjektet må forankrast så fort som mogeleg i kommunestyra. Vidare at ein tenkjer gjennom strategi saman med næringslivet – t.d. Statoil Mongstad.</p> <p>Det vil bli ein presentasjon av prosjektet i samband med ein internasjonal UNESCO-konferanse i Bergen 24.-26. mars 2014. Kari E. Natland gjekk gjennom vidare tidsplan og planlagt aktivitet i 2014, og avrunda med å visa budsjettet slik det ligg no.</p>
<p>Sak 16/14</p>	<p>Interkommunal plan for samarbeid innan helse- og omsorgstenesta. Odd Ivar Øvregård informerte om status og arbeidet som har vore gjort (vedlegg). Planen har vore i kommunane på administrativ og fagleg høring. Det har vore ein konstruktiv prosess. «Plan for interkommunal samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland» skal bidra til ei felles forståing for framtidige utfordringar og skal leggja til rette for interkommunalt samarbeid om oppgåveløysinga der dette er tenleg.</p> <p>Vedtak: Regionrådet sluttar seg til innhald og føringar i framlegg til «Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland», og at planen vert lagt fram for politisk handsaming i kommunane.</p>
<p>Sak 17/14</p>	<p>Informasjon/status for innføring av nytt sak/arkivsystem. Odd Ivar Øvregård informerte om status for innføring av nytt sak/arkivsystem. Det er gått ekstremt fort i dette prosjektet, og det er ikkje til å leggja skjul på at det har vore ein del praktiske utfordringar.</p> <p>Det gjeld t.d. arbeidet med malar og praktiske løysingar, og ikkje minst møtemodulen. Ein har og slite med koplinga mot Office. Det har vore utfordringar internt i organisasjonane og ein har ikkje vore like flinke nok til å setja av nok tid og ressursar. Det har blant anna gått utover arbeidet med standardar og malar. Mange av problema som har oppstått skuldast manglande rutinar, og mykje av utfordringane heng saman med at dette er organisasjonsutvikling i kommunane.</p> <p>Mange personar ute i kommunane har imidlertid gjort ein kjempejobb. No jobbar ein t.d. godt med byggsak / plan. Ikkje alt som var lova frå ACOS si side er heller på plass. Dette er noko ein vil sjå nærare på etter kvart.</p>

	<p>IKT-strategimedarbeidar og innleidd prosjektleiar vil no ta ein runde i alle kommunane der hensikta er å få tilbakemeldingar og sjå på faktiske problem. Det vil koma ut ein e-post om dette i nær framtid.</p> <p>Nils Marton Aadland takka for god informasjon – og at ein no har teke tak i problemstillingar og utfordringar.</p>
Sak 18/14	<p>Status Nordhordlandspakken AS.</p> <p>Nils Marton Aadland orienterte kort om status for bompengesøknaden. Den er sendt til Vegdirektoratet for kvalitetssikring og den er venta tilbake i mars / april. May Eva Sandvik sa at dei har bedt styreleiar og konsulent Helge Hopen koma og informera om prosjektet i Lindås kommunestyre. Det vart då peika på at søknaden no er sendt vidare til Oslo, og at ein må unngå at ein kjem i ein situasjonen der ein på ny må revidera søknaden. Då er det reell fare for prosjektet. Nils Marton Aadland understreka at Lindås kommune er den einaste kommunen som den siste tida har hatt styremedlem.</p>
Sak 19/14	<p>Status Region- og helsehus.</p> <p>Rune Heradstveit orienterte kort om status for arbeidet med Helsehuset.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ NUI er i positiv dialog med vegvesenet om kjøp av tomt. Har hatt fleire møte med dei – og det er god dialog. Vegvesenet jobbar no med nødvendige grep og avklaringar i samband med dette. ▪ NUI ser også på plassering og planløyser på tomta i tett dialog med Lindås kommune, planavdelinga og Asplan Viak. Dette i forhold til tema i områdeplan Knarvik som t.d. grønstruktur, trafikkløyser og parkeringsanlegg m.v. ▪ NUI jobbar med anbudsbeskrivelse – engasjement av prosjektleiar og rådgjevande ingeniørtenester, og har her tett dialog med Helse Bergen HF. ▪ Arbeidet med selskapsavtale, er i startgropa. Vurderer NUI eller eige IKS. ▪ 1. april er brukarane i huset kalla inn til møte. Hensikt er å gje orientering om status, starta synergjarbeid, og koma i gong med gode prosessar når det gjeld innhald, brukargrupper, brukarmedverknad m.v. ▪ Ein vil byrja å sjå på økonomiske sider som støtte frå Husbank, lån, momskompensasjon. ▪ NUI prøver å køyra flest mogelege parallelle prosessar for å spara tid.
Sak 20/14	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Neste møte er 11. april kl. 09:00 - 14:00.</p>

Knarvik, 20. mars 2014



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 13/14: Presentasjon - regional klima- og energiplan for Hordaland 2014-2030
Sak 15/14: Presentasjon – Nordhordland Biosfæreområde, Vestnorsk kystlandskap
Sak 16/14: Presentasjon - Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Nordhordland